



Indre Nordfjord Turlag Midtre Nordfjord Turlag Ytre Nordfjord Turlag Keipen Turlag Flora Turlag
Indre Sunnfjord Turlag Luster Turlag Sogndal Turlag Lærdal Turlag Årdal Turlag Vik Turlag
Balestrand og Høyanger Turlag BT-lag avd. Gulen BT-lag avd. Solund

Førde, 30.11.2008

NVE
Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om nedlegging av reguleringa av Seltuftvatnet, Flåmsvassdraget.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev med vedlegg, som vi har lasta ned via internett.

Frå vår side ser vi svært positivt på framlegget om nedlegging av reguleringa. I eit verna vassdrag er dette det einaste rette i dette tilfellet!

Reint prinsipielt hadde det vore ein fordel om vasstanden i Seltuftvatnet hadde vorte ført attende til den gamle normalvasstanden, men vi ser også dei klåre negative miljøkonsekvensane dette vil medføre, så vi vil **ikkje** tilrå det. Nedleggingsframlegget ser for oss fornuftig ut! Det er viktig at det vert gjort ”pent arbeid” med den nye dammen slik at den vert minst mogeleg synleg, og det ser ut som det er lagt opp til det.

Eit par alternative spørsmål/idear som ikkje er meint som konkrete framlegg frå vår side, men meir innspel som vi ber NVE vurdere, og enten sjå nærare på, eller forkaste:

- Ei svak senking av vasstanden til litt under dagens HRV synest vi er **svært** fornuftig. Spørsmål: Kan denne senkinga aukast frå 20 cm til 25 – 30 cm utan at dei negative miljøkonsekvensane vert for store?
- Kan det vere ein mogeleg ide at den første permanente senkinga av HRV vert 20 cm, og at dei øvste ca. 50 cm av dammen vert bygd med bjelkestengsel? Formålet med det, er at ein med nokre års mellomrom (5 – 10 år?) kan fjerne bjelkar i stengselet etter kvart som naturen tek attende den gamle reguleringssona. På sikt, til dømes 20 år, kan den permanente vasstanden i Seltuftvatnet då senkast med ca. 70 cm frå dagens HRV.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alarm@online.no.

Venleg helsing
SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)
leiar

Postadresse	Besøkadresse	Telefon	Telefaks	Bankkonto
Postboks 10 6801 Førde	Langebruvegen 9 sogturla@online.no	57 72 06 14	57 72 06 14	3705 03 32455
E-postadresse		Web		Organisasjonsnr.
		www.turistforeningen.no/sognogfjordane		971 529 474